



årsrapport 2023



Lesja bygdemuseum – Presthaugen Lom bygdamuseum – Jutulheimen Vågå bygdamuseum – Norsk fjellsenter – Gudbrandsdal krigsminnesamling – Dale-Gudbrands gard – Pilegrimssenteret – Ringebu stavkyrkjeutstilling – Stavkyrkjesenteret i Lom – Otta bergverkssenter – Einbustugu – Bygningsvern – Villreinløypa – Ullinsvin – Opplandsarkivet avd. Dombås, Skjåk, Vågå, Midtdalsarkivet – Folkemusikkarkiva Nord-Gudbrandsdal, midt- og sør-Gudbrandsdal




***VI TEK VARE PÅ KUNNSKAP
OM FORTIDA OG VÅR
NÅTID FOR MENNESKA I
FRAMTIDA.***



året **2023**



Utstillinga «Dugurd» i
Ullinsvin 2023



«Gudbrandsdalsmusea

- skaper verdiar med og for den Gudbrandsdalske kulturarven!»

Rapportåret 2023 – det første normalåret etter fleire år med pandemi, og det kjennest godt å kunne skape møteplassar utan munnbind og strenge avstands og antalsreglar. Så har vi også i år fått kjenne på utfordringer. Krig i Europa, dyrtid og ein vilter natur har skapt sine utfordringer, og dei har vi møtt.

Sommaren vart avvikla med gode tilbod ved dei publikumsretta avdelingene. Digital formidling og aktivitet på sosiale medier blir samstundes stadig viktigare. Men det finst også eit motstykke til dette: Mange er opptekne av kor bra, og kor viktig det er å treffes i levande live, og ikkje berre på skjerm. Gode møteplassar er sentralt for Gudbrandsdalsmusea. Vi har mange av desse, og det er ein strategi som står fast. Vi er også medvitne på kor viktig det er med eit godt samarbeid med frivillige krefter.

Mål for musea

Gjeldande museumsmelding har følgjande overordna målsettinger for musea:

- Solid kunnskapsprodusent
- Relevant formidling
- Helhetlig samlingsutvikling
- Trygg ivaretaking
- Aktiv samhandling

Gudbrandsdalsmusea tek desse målsettingane inn over seg, og dei er innarbeidd både i strategisk plan og tiltaksplanar. Graden av måloppnåing vil variere med ulike tiltak – vi har eit breitt virke i regionen. Men i kombinasjon med eigne strategiske mål og i samhandling med eigarar og medaktørar er desse med og formar verksemda.

Besøk på ulike areaner

Gudbrandsdalsmusea har besøkspunkt i kvar bygd i dalen frå Ringebu og nordover. Det samla besøket i 2023 syner ein samla auke på snautt 4000. Fleire av arenaene til Gudbrandsdalsmusea er i samråd med eigarane våre ein del av den kulturelle infrastrukturen i dalen, og anlagt slik at dei har samfunnsmessige plussverknader utan at det er ønskjeleg eller mogleg å ta ut billettinntekter på

alle opplevelsmål. Gudbrandsdalsmusea arbeider likevel med å skape arenaer og tilbod som gjer det mogleg å auke eiga inntening gjennom billettar og sal.

Avdeling	2021	2022	2023
Friluftsmusea i Lom, Vågå og Lesja	13 963	12 996	15 326
Kyrkje, kyrkjeutstillingar Lom, Lesja, Ringebu	13 878	13 493	13 907
Spesialutstillingar, inkl. Norsk Fjellmuseum	33 479	29 592	24 653
Opplandsarkivet samla	956	1 073	1 196
Anna fagleg arbeid	5 472	11 780	17 843
Sum	67 748	68 934	72 925

Arkiv- og samlinger

Arkivavdeligene opplever auke i fysisk besøk, medan førespurnader og engasjement digitalt veks meir.

Det kjem stadig inn nye arkiv med interessant materiale. Det nye og velfungerande magasinet i Vågå er eit aktivum, og gjenstander blir flytta inn så raskt som kapasitet tillet. Magasinet i Ullinsvin fungerer svært godt, og oppbevaringstilhøva er gode og trygge. Ved alle samlingsavdelinger foregår eit kontinuerleg arbeid med gjennomgang, sikring og ivaretaking av samlingene. Arkiv- og samlingsmedarbeidarane koordinerer arbeidet gjennom fleire møtepunkt både digitalt og ved å treffes.

Samlingsobjekt – totalantal	2021	2022	2023
Papirarkiv hyllemeter	661	773	793
Papirarkiv antal	1478	1556	1612
Film og video antal arkiv	682	712	725
Lydarkiv antal	4666	4738	4759
Kulturhistoriske bygningar	48	48	48
Historiske foto	228397	256402	280072
Dokumentasjonsfoto	41594	44022	45314
Kulturhistoriske gjenstandar	13097	13201	13643

Samlingane til Gudbrandsdalsmusea – totalt

Ordning og registrering av både arkiv og gjenstandar skjer kontinuerleg, og tabellen under syner utviklinga i dette langstiktige arbeidet i 2021. For papirarkiv, film, video og lyd justerer samletal seg i blant ned når arkiv blir gjennomgått og systematisert. Arkivarane arbeider kontinuerleg med å kvalitetssikre tala.

Samlingsobjekt – ordna og registrert	2021	2022	2023
Papirarkiv hyllemeter	460	528	554
Papirarkiv antal	1300	1382	1468
Film og video antal arkiv	500	530	538
Lydarkiv antal	4418	4422	4432
Historiske foto	65066	75799	82741
Dokumentasjonsfoto	6651	9079	9079
Kulturhistoriske gjenstandar	10941	11681	12116

Samlingane – ordna og registrert

Gudbrandsdalsmusea har ein generell intensjon om å gjera samlingane tilgjengelege for publikum både gjennom fysiske utstillinger og digitalt i størst mogleg grad. Ein del materiale er klausulert slik at originalmateriale ikkje kan leggast på nett. Vi søker da å legge ut innhaltslister over kva som finst i arkiva, slik at publikum kan oppsøkje desse. Digitaliserte foto og gjenstandar blir publisert i arkivportalen og Digitalt museum

Samlingsobjekt – tilgjengeleg digitalt for publikum	2021	2022	2023
Papirarkiv tilgjengeleg i arkivportalen	545	1017	1102
Film og video - kutt med info tilgjengeleg i arkivportalen	57	63	70
Lyd – samlingar med info tilgjengeleg i arkivportalen	4	4	11
Foto – publisert på Digitalt museum	9597	12037	20114
Kulturhistoriske gjenstandar på digitalt museum	7738	8344	8929

Samlingane – digitalt tilgjengeleg

Samlingane er grunnlag for publisering av foredrag, artiklar, bøker og info i sosiale media. Vi har som mål formidle gode historier som ligg der, klare for å gje mening for folk i kvar dag og fest.

Samarbeid og samfunnsrolle

Gudbrandsdalsmusea har sitt virke i samspel med eit levande kulturhistorisk miljø i dalen. Eigarforeninger, historielag og interesserte enkeltpersonar er alle med og gjev liv til det kulturhistoriske arbeidet. Dei største miljøa samla sett finn vi omkring Ringebu Prestegard, Krigsminnesamlinga i Kvam, Bygdamuseet på Lesja, i Vågå og i Skjåk.

Gudbrandsdalsseminaret var skipa til på Maihaugen i januar, under tittelen «Mat – meir enn eit måltid». Matkultur er viktig i det moderne samfunnet. Slik også i Gudbrandsdalen. Lokale mattradisjonar er under sterkt ytre påvirkning. Internasjonale gigantkjeder som McDonald og BurgerKing er etablert i dalen, og familiemiddagen er ikkje så sentral som den var for berre nokre år sidan. Institusjonane varmer poser frå ASKO, meir enn dei lagar mat frå botnen av på tradisjonelt vis. Og mange reiser verda rundt og adopterer spennande matopplevelsingar. Seminaret presenterte nokre av dei som lever av og for mat og matkultur, med formidling av historie og bakgrunn for eigen matkultur. Men også med vakne skråblikk på Mattradisjonane i Gudbrandsdalen uttafrå. Ei målsetting er å vera med å bygge ein sterkare identitet omkring eigen mattradisjon.

Seminaret samla om lag 100 historisk interesserte til foredrag og fagleg utveksling.

Samarbeid med Maihaugen

Gudbrandsdalsmusea har eit godt samarbeid med Stiftelsen Lillehammer museum, Maihaugen. Den faglege utvekslinga går både vegar, og formelle samarbeidsavtaler ligg i botn. Samarbeid om samlingane våre i særleg grad relevant i og med at både musea dokumenterer kulturarven i Gudbrandsdalen.

Sosiale medier og samfunnskontakt

Dei tilsette publiserer både arrangement og ulike nyheter i sosiale media når det skjer noko på deira felt. Med stor arrangementsfrekvens er det ei utfordring å porsjonere gjennom sommaren. Her finst ingen fasit, og vi prøvar å få til ein god miks mellom ulike kanalar.

Heimesida hadde 2023 14 100 unike brukarar, og vi har hatt 58 600 sidevisninger i 2023.

SNAPCHAT – konto for folkemusikkarkiva i Gudbrandsdalen. Denne kanalen blir særleg brukt for å nå ut med nyheter frå arkiva. Mange fylgjer oss, og dette er ein god kanal for raske og kortfatta nyheter.

FACEBOOK	Følgjarar 2021	Følgjarar 2022	Følgjarar 2023
Gudbrandsdalsmusea	2 895	3 449	3847
Pilegrimssenter Dale Gudbrand	334	429	531
Lesja Bygdemuseum	1109	1 355	1531
Jutulheimen Bygdamuseum	701	768	905
Lom Bygdamuseum – Presthaugen	654	719	802
Norsk fjellsenter Lom	3585	3810	4302
Samla antal følgjere på facebook	9278	10530	11925

INSTAGRAM	Følgjarar 2021	Følgjarar 2022	Følgjarar 2023
Gudbrandsdalsmusea	1019	1058	1200
Lesja Bygdemuseum			608
Lom Bygdamuseum – Presthaugen			158
Norsk fjellsenter Lom			2320

Nye grep og utvida målgrupper

Gudbrandsdalsmusea skal i blant ta nye grep i formidling av kulturarven. Med utradisjonelle vinklinger kan ein nå nye folk og gje dei informasjon dei ikkje visste at dei hadde interesse for.



Nye formidlingsgrep mot nye målgrupper er også hovudtanken bak konseptet «Gråtassen og Gullegget». Konseptet starta sommaren i 2020, og er vidareført gjennom ein ny tur rundt i kvart år etter det. I 2021 var nyskapingen «Vabisen, Gullegget og Gudbrandsdalsmusea i Vesterveg» gjennomført, og i 2022 stod Trøndelag, med Trondheim, Fosen og Innherred for tur. Kombinasjonen av å syne fram Gudbrandsdalsmusea i nye regionar, møte kolleger, og ikkje minst profilere gode kulturarvaktørar i våre naboregionar møter stor interesse. Både i ulike massemedia og i sosiale medier har dette skapte så stor merksemrd at vi også i 2023 gjentok konseptet, som stadig er i utvikling. Det nye i 2023, var at både Gråtassen og Gullegget vart lasta opp, og turen gjekk med Vabis og hengar til Røros. Der vart den saktegåande ekvipasjen lasta av for ein opplevings- og dokumentasjonstur rundt Aursunden. Folkemusikkprofessor Sven Nyhus gjekk bort i mai 2023, og dette gjorde denne turen særleg aktuell. Det er mange kontaktflater mellom tradisjonsmusikken i Rørosområdet og i Gudbrandsdalen, der vi har eit særleg ansvar gjennom folkemusikkarkiva. Vi opplevde også særleg respons frå folkemusikkmiljøet, og seinare på hausten ser vi at Glåmos spelemannslag gjer same rundturen for å bli betre kjent i eige tradisjonsområde. Ein annan tematikk som også vart løfta fram er lasskjørarmiljøet med hest. Dei siste åra er det stor kontakt mellom Gudbrandsdalen og Røros om dette, og både Rørosmuseet og Gudbrandsdalsmusea er involvert, men kan likevel gjera ein større innsats for denne spennande delen av kulturarven.

VERKSEMD VED AVDELINGENE



BYGDEMUSEUM Lesja Bygdemuseum

«Dette må da vere tidenes sommarsesong på Bygdatunet!» Det utsagnet høyrdde vi meir enn ein gong sommaren 2023, og det oppsummerer sesongen på ein særskilt god måte! Som tidlegare år kunne vi tilby eit stort mangfald i husflids- og handverksaktivitetar, bakst og barneaktivitetar,

Aktivitetar i eldhuset på
Lesja bygdetun legg til rette
for rekruttering.

kunne vi i 2023 by på foredrag og konserter kvar laurdag, noko som var svært vellukka. Markens Grøde-veka gjekk av stabelen i slutten av juli, og samla totalt 1650 deltakarar/publikum fordelt på 8 arrangement knytt til natur, kultur, landbruk og

kunst.

Heilt sidan 1985 har Lesja Bygdekinnelag og Husflidslaget i Lesja, saman med mange gode hjelparar; stilt opp med aktivitetar og liv i husa; så og i 2023. Både baksten i eldhuset og Ulateigstugu og husflids- og handverksaktivitetar på tunet og i Bellestugu er element som gjer museumsbesøket for våre besökande til noko «ekstra». At museet er tilrettelagt for barn og barnefamiliar, både gjennom organiserte og uorganiserte aktivitetar og det at tunet er ein trygg bortreplass for store og små, er av dei tinga vi får gode attendemeldingar på. I tillegg er jo den store dugnadsinnsatsen frå Venneforeininga i form av kaffe- og vaffelsal avgjerande for at folk får ei ekstra god oppleving.

Som ei oppfølging og avslutning på det store bokprosjektet om Sveen-kunstnarane, vart det til opninga i juni laga ei storstilt utstilling med gjenstandar, kunst og utstyr etter personane som vart presentert i boka. Torveig Dahl var innhyra som kurator, og nokre av etterkommarane av «Sveen-karane» var svært delaktige i både planlegging og rigging av utstillinga. Kjell Erik Killi Olsen stod for opninga, same dag som Bygdamuseet opna for sesongen. Utstillinga har fått svært gode skussmål, og vi opplevde at mange kom eins ærend for å få med seg denne.

Med Sveen-utstillinga fekk vi testa ut å bruke delar av salen på Tunstugu til utstillingslokale, noko som fungerte bra. Ein positiv «boeffekt» av å ha utstilling der, var at fleire besökande og fekk augene opp for utstillingane i kjellaren; og både Villreinutstillinga og Heitkötter-utstillinga hadde i 2023 fleire besökande enn på lang tid. Ein såg at og lokalbefolkinga vart meir bevisste på at Lesja bygdemuseum er meir enn «berre tunet».

Besökande

Hovudtyngda av besökande var og i 2023 naturleg nok nordmenn, men det var både i 2022 og 2023 ein betydeleg nedgang i særleg norske barnefamiliar, samanlikna med «korona-åra» 2020 og 2021. I 2023 såg vi ei sterke auke i utanlandske turistar; fortsatt mest tyske og nederlandske, men også fleire frå lengre sør i Europa. I tillegg var det ei auke i turistar frå USA. Mange refererte til dei store hetebølgene som var i Sør-Europa, og i tillegg var kronekursen tydeleg ein fordel for oss i 2023.

Det var fortsatt ein del grupper, både norske og utanlandske, men ein liten nedgang frå året før. Talet på besökande som ønskjer omvisning i kyrkja har auka dei siste åra; blant anna på grunn av auka i grupper.

Arrangement

I mai var Lesja bygdemuseum og Gudbrandsdalsmusea vertskap for boklansering av boka «Høgfjellsmeldinga» av Guri Sørumgård Boheim. Sjølv om det er ei skjønn litterær bok, tek ho opp viktige aspekt ved forvaltninga av villrein og villreinfjellet, og passar slik godt inn i tematikken rundt Villrein-utstillinga. Både denne utstillinga og Heitkötter-utstillinga var opne for publikum, og mange nytta høvet til å besøke dei.

I juli var det som tidlegare omtalt klart for Markens Grøde att. Museet er med i arrangørkomiteen/styret, men det er særleg den tradisjonsrike marknadsdagen på tunet som er museet sitt ansvar i løpet av veka. Ein vellukka dag med vel 650 personar innom porten, godt utval av salsboder, loddosal og konkurranser. I tillegg var og eit par av dei andre arrangementa i løpet av veka lagt til tunet.

Grunna vakans i stillinga som avdelingsleiar vart det ikkje arrangert noko julearrangement før juli 2023.

Presthaugen, Lom bygdamuseum

Presthaugen er først og fremst eit mykje brukte område for bygdefolk og tilreisande til Lom, samt for skule og barnehage. Området er veleigna til leik og som turområde. Husa i Presthaugen er fine kulisser. Det er ei utfordring å skape inntening i eit friluftsområde utan avgrensing og billetsal, slik det lokalt er eit sterkt ønske om at Presthaugen skal vera.

Arbeidet med lyssetting av gangstien gjennom området, forbetring av tilgjengelelighet for bevegelseshemma, samt fornying av brann- og innbrotsalarm vart sluttført våren 2023. Arbeida er utført av lokale entreprenørar, med Kulturrådet, Stiftelsen Uni, Nasjonalparkbysamarbeidet og eigne midler som finansiering, og resultatet vart veldig bra og får gjennomgående god mottaking lokalt.

I 2023 var Presthaugen og det nye Eldhuset eit stort aktivum ved mange store arrangement i Lom. Sparebank 1 Lom og Skjåk feira 150 år med ein storstått familiedag på museumsområdet. Landskappleiken 2023 brukte området aktivt til konserter og barne/ungdomsarrangement, og i juli var 4H gjester med ein stor sommarleir som også brukte Presthaugen i stor grad. Under Landskappleiken rigga museet i samarbeid med Lom Heimbygdslag ei eiga utstilling av bunader og folkedrakter, delvis frå eigne magasin, men mest lånt inn frå private eigarar i bygda. Utstillinga vart besøkt av meir enn 1000 personar gjennom dei fire opningsdagane. Maihaugen var også med som fagleg medspelar ved rigg av utstillinga.

Næringsdrivande i Lom nyttar Presthaugen ved ulike høve til arrangement som samla folk til tradisjonelle matopplevingar med tilberding av måltid over open varme.

Gjennom sommaren er det også arrangert temadagar med handverksaktivitetar, gamaldags skuledag i Skulstugu og Olsokstemne med foredrag og konsert med unge og eldre lokale spelemenn.

Norsk Fjellsenter brukar også Presthaugen til aktivitetar – meir om det i eige kapittel.

Stavkyrkjeutstillinga i Lom

Utanlandske turistar og bussturisme er attende. Utstillinga bør fornyast, men dette har ikkje vorte prioritert i år. Objekta blir tekne godt vare på, med oppdaterte klimatiltak og reingjering.

Norsk fjellsenter i Lom

Norsk fjellsenter er besøkssenter nasjonalpark for Jotunheimen, Reinheimen og Breheimen kombinert med at vi er eit museum for fjellet sin historie og fjellturismen sin utvikling.

AKTIVITETAR

TORSDAGSFOREDRAG

Gjennom ei årrekke har vi etablert konseptet «Torsdag kveld på Norsk fjellsenter». Dette er ein foredragsserie som går i utanom sommarsesongen, der vi ein torsdag i månaden inviterar inn ulike fagpersonar innan relevante tema. I 2023 starta vi med foredraget «Fjellfisk -fiskeglede og fiskefakta» den 23. februar. Foredragshaldarar var Lom fjellstyre ved Åsmund Galde og Eilev Hellekveen, ferskvassbiolog og seniorforskar ved NINA Trygve Hesthagen og fiskeentusiast og forfattar Morten Wangen. Fjellstyret fortalte om deira arbeid med tilrettelegging og utsetting av fisk. Trygve Hesthagen fortalte om innvandring av fisk til området, og ga oss ei innføring i korleis næringsgrunnlag, konkurranse, vasskvalitet og andre faktorar påverkar fisken. Vi fekk også høyre om Tessefunnet - eit av dei eldste fiskefangstanlegga vi kjenner til av sitt slag i Nord-Europa. Morten Wangen ga oss fiskehistoriane og tips til gode fiskeplassar.

23. mars var foredraget «Natur og lykkekjensla» av Helga Synnevåg Løvoll. Ho er professor ved Institutt for idrett og friluftsliv ved Høgskulen i Volda. Ho har forska på positive kjensler, opplevingar og motivasjon knytt til natur og friluftsliv.

27. april var det klart for foredraget «Lirypa – historisk utvikling og berekraftig jakt» av førsteamanuensis ved INN, Mikkel Kvasnes. Han har skrive doktorgrad om lirypa og faktorar som påverkar produksjon og tettheit, basert på rypetakseringar frå Gudbrandsdalen og Østerdalen.

15. juni stod brearkeologien for tur. Foredraget «Hundre funn frå fjellet» med brearkeolog Espen Finstad og kjendmannen Reidar Marstein, tok for seg det brearkeologiske sikringsarbeidet sidan starten, med fokus på gjenstandane som er med i den nye utstillinga.

19. oktober arrangerte vi eit litt annleis torsdagsforedrag. Vi har vore med i eit tverrfagleg prosjekt kalla «SPOR», der vi saman med komponist og musikar Maren Myrvold og filmselskapet «FRYS» har lage ein filmkonsert om dei smeltande breane og forholdet mellom menneske og natur. 19 oktober var det framsyning av denne filmkonserten hos oss, med Maren Myrvold, cellist Aage Kvalbein og pianist Marita Kjetland Rabben.



Dei tre musikarane i prosjektet SPOR

Vi avslutta foredragsrekka den 30 november med bokbad med forfattaren Guri Sørungård Botnheim. Ho har skrevet den kritikerroste romanen «Høgfjellsmeldinga», ei historie om villreinforvaltning, kontorliv, naturrestaurering og radikale meiningar.

Vi har svært godt besøk på desse torsdagsforedraga og det blir teke veldig godt i mot av folk lokalt og regionalt. Dette er det veldig viktig at vi greier å vidareføre.

ANDRE ARRANGEMENT

5 juni arrangerte vi dagsseminaret «Velkommen inn – men på naturen sine premissar», i samarbeid med forvaltar Kristine Sørlie i Reinheimen nasjonalpark. Seminaret tok opp tema som forvaltningsplan, kvalitetsnormen, reiseliv og brukarundersøkjingar. Det var god oppslutning om seminaret og svært positive attendemeldingar på innhald.

10 juni var det opning av den nye utstillinga «Frose i tid». I samband med opninga hadde vi eit ope arrangement med kulturelle innslag frå koret Gjelingjomen. Kulturhistorisk museum ved direktør Håkon Glørstad ofretok den offisielle opninga av utstillinga.

I samband med utstillingsopning hadde vi og eit formiddagstreff den 15. juni. Treffet var lagt opp som eit uformelt møte mellom lokalbefolkning og brearkeologar. Det vart svært godt mottatt, og vi ser at slike formiddagstreff kan treffe ei annan målgruppe enn dei som kjem på kveldsarrangement.

Kompetansesenter Fjellredning

Kompetansesenter fjellredning er godt i gang med sitt forskingsprosjekt, «Klimarisiko i Jotunheimen». Det vil bli presentasjon av dei forskjellige arbeidspakkane i dette prosjektet utover i 2024. Finansiering av varig drift er noko dagleg leiar fortsatt arbeider med, med mål om å få dette på plass i 2024. Målet er å etablere eit kompetansesenter for fjellredning som kombinerer forsking med praktiske oppgåver for organisert og frivillig redningsteneste. Samhandling for å utvikle redningstenesta i ei tid med klima i endring og stor usikkerheit knytt til konsekvensar av det.

Vi hadde 11 sommartilsette fordelt på Klimaparken og Norsk fjellsenter. Desse fungerte svært godt denne sesongen også, vi er heilt avhengige av å ha flinke folk med relevant utdanning for å levere det vi skal til publikum.

Gjennom sommaren arrangerte vi 4 vikingfredag for ungar, Dette var tilrettelagt for ungar mellom 6 og 12 år. Opplegget tok om lag 2,5 timer og vart avvikla 2 gonger kvar gong.

Vi har stor etterspurnad frå skulane i Ottadalalen etter dei skuleopplegg vi tilbyr. Hausten 2023 fekk vi Kulturbussen i 20 veker og kunne invitere skuleklasser frå heile Nord-Gudbrandsdalen til skuleopplegg.

VR-opplegg til skulane i Innlandet

Gjennom prosjektet «Melting Mountains» har Norsk fjellsenter og Klimapark 2469 vore på turne i 5 veker i haust. Over 2000 ungdomsskuleelevar i Innlandet har i haust besøkt istunnelen på Juvflye -

frå klasserommet. Barn og unge er ein av dei viktigaste målgruppene til Norsk fjellsenter og Klimapark 2469. Gjennom samarbeidet med Den Kulturelle Skulesekken ved Innlandet

Fylkeskommune har vi fått moglegheit til å nå ut til enda fleire. I løpet av fem veker har elevar i Skjåk, Lom, Vågå, Dovre, Lesja, Lesjaskog, Elverum, Våler, Grue og Åsnes fått ein skuletime 1800 meter over havet. I skuletimen får elevane høyre historia om da Reidar Marstein fann Noregs eldste sko, dei lærer om eldgamle jaktmetodar og ferdelsruter i fjellet. I VR-brillene får dei sjå korleis Juvfonne har utvikla seg dei siste tusen åra, og korleis landskapet vil sjå ut i framtida, når all isen er borte.

Jutulheimen og Ullinsvin i Vågå

Utstillingar og aktivitetar

Året 2023 har vore prega av stor aktivitet både i arkiv, gjenstandsmagasin og med sommaraktiviteter i Ullinsvin. I Ullinsvin gjennom sommaren har vi hatt utstillingane DUGURD og BØTE

DUGURD - MAT OG TRADISJON I NY OG GAMAL TID.

I tusener av år har Gudbrandsdalen og fjellheimen kring vore matfat og spiskammers for folka som bur der. Den rike og høgst levende kulturen tufta på lokale matvarer og skikk og bruk knytta til matstell, var hovedtema for utstillinga DUGURD i Ullinsvin i sommar.

Dugurd var eit måltid som i eldre tider vart halde mellom frukost og middag. Namnet stammar frå norrønt og er også kjent som dagverd, durmal, duul og daur.

Arbeidsdagen byrja gjerne i seks tida så ofte vart formiddagsmåltidet servert omkring klokka ti. I all hovedsak bestod måltidet av vassgraut laga av kornslaga bygg eller havre og servert med sur eller söt mjølk. Det var til tider stor armod blant bønder og husmenn og den enkle maten skulle mette mange.

Det er derfor stort sett gjenstandar frå kvardagsliv og små kår som var vist i utstillinga DUGURD. Uttrykket vart nærmest naivt, men ekte og nært. Objekt som turu, trøys, ambar, tiner og trogg blir lyfta fram i utstillinga, og er høgt verdsatte gjenstandar i vår tid. Enkle og funksjonelle bruksgjenstandar som inspirerer dagens formgivarar, noko vi også har hatt lyst til å peika på i utstillinga. Den skandinaviske designarven er tett knytt opp mot natur, funksjon og gode materiale som varer i generasjoner.

I det gamle fjoset frå 1700 talet på Ullinsvin er båsar og buskap bytta ut med utstillingsmodular i fersk furu, og historiske gjenstandar innan matproduksjon, oppbevaring og servering møter dagens formspråk i nye kontekstar. Gudbrandsdalsmusea har ein djupt forankra forpliktelse til å ta vare på og formidle den rike kulturarven i dalføret, samstundes som vi lyfter blikket og er aktuelle i samtidia. Musea ønskjer å ta vare på tradisjonshandverket ved å legge til rette for at yngre generasjoner finn sin veg og utviklar sin eigen kulturarv for framtida. Samtidig er det viktig å kjenne til historia vår, for å kunne navigere i det komplekse samfunnet vi lever i.

Ofte søker ein attende å røtene for å finne ein felles identitet. Da er mat og tradisjonar ein viktig felleskap som har fått ny mening under det grøne skiftet, med lokale og stuttreiste varer. Tidligare produksjonsmetodar som røyking, raking, spreking og hermetisering blir kombinert med notidas forståing for matproduksjon, noko som gjev spennande smakar for oss alle og ny giv for næringa i distrikta.

Gjennom lagarbeid og god dugnadsånd vart aurbua i Ullinsvin restaurert og opna for matprodusentane i dalen i forbindelse med utstillinga DUGURD. Alt fra Ryllik-te frå Aukrust til spekepølse av kjekjøtt frå Valbjør

vart populært å kjøpe og ta med seg heim. Heilt attende åt middelalderen fungerte aurbua som eit kjølelager for konserverte matvarar lagra i tiner og butter, eller hengt oppunder takåsane til tørking.

Ein annen viktig del av matproduksjon tidligare gjekk føre seg på setra. Supplering av vinterfôr og nytte av beite i utmark førte til at gardsfolk, kyr og geiter flytta til fjells i sommarhalvåret, og foredlinga av mjølka vart til haldbare produkt som ost og smør. Få setrar er i drift i Gudbrandsdalen i dag, men utstyr og redskap til ysting og kinning har overlevd og vorte til kjære minne og gjenstandar som vi tek vare på.

Tradisjonar knytte til matauk vitnar om mykje slit og hardt arbeid, og ikkje minst hadde kvinnene ei viktig rolle i produksjonen, men også i å skape gode relasjonar rundt matfatet. I sommar inviterte dei tidligare budeiane til olsokfeiring på Lundesetra i Sjodalen som ein forlenging av utstillinga DUGURD. Dei diskja opp med festmat og folkemusikk og nye tradisjonar blir kanskje skapt ved å opne opp seterhusa til nye opplevelingar for den kommande generasjonen.

Takk til alle samarbeidspartnerar og frivillige som har bidrige til å få utstillingen DUGURD på plass.

BØTE - Reparasjon av tekstil før og no

I notida er det ein trend at fleire vendar attende til å reparere eigne klær. Gjerne med eit synleg avtrykk, som ein motreaksjon mot tekstilindustrien og bruk -og kast samfunnet. I tidligare tider handla bøting og reparasjon om å sjå nytte av brukte plagg til andre formål. Om optimal ressursbruk under trange kår, måtehald og gody håndverk. Gjennom sommaren i Ullinsvin kunne publikum oppleve historiske plagg i møte med moderne teknikk, slik dei blir reparert i dag. Det var også gjennomført kurs i bøting og reparasjon i både gamle og nye teknikkar.

Gudbrandsdalsmusea viste historiske plagg frå eiga samling samt utlånt frå Maihaugen og Osterøy Museum. Utstillinga ga eit historisk perspektiv, men også viktig å visa eit samfunnsengasjement midt i den store utfordringa innan klima og miljø. Utstillinga var tufta på eit godt samarbeid på tvers av lag, foreningar og privat personar.

Våren 2023 vart aurbua i Ullinsvin rydda og klargjort til sommarsesongen. Det vart lagt nytt skifergolv og sett opp nye hyller. I sommar var det utsal av lokale varer og innreidd som ei aurbu. Dette vart eit vellukka prosjekt, og handelen gjekk av både bygdafolk og turistar.



Torsdagane var det musikk på tunet av ulike utøvarar frå lokalmiljøet, noko som fenga godt som underhaldning til kaffien ute i Ullinsvin. Fleire onsdagar i sommar var det kveldsseto i Jutulheimen. Da det er forskjellige tema kvar gong, trekkjer dette mykje folk frå heile norddalens. Ymse kulturhistoriske tema, musikk med meir blir sett på plakaten i ein rikhaldig sommarmeny. Både fastbuande og feriefolk finn stor glede i desse arrangementa.



Foto frå ei kveldsseto i Jutulheimen

I Juli var vi også med og arrangerte slåttkurs i Nordherad. Da var det både sliping av redskap, oppsetting av hes, slå gras med ljå og hesjing.

I november var det Jul i Ullinsvin. Julemarknad med mange utstillarar, grisslakting, julekortfotografering, barneaktivitetar, bakst i eldhuset m.m. Dette kan ein verkeleg seia er formidling.



Sikring og tilrettelegging

Dei fleste gjenstandane i Jutulheimen er nå registrerte, det siste var alt av utstyr i smia. Det bur fortsatt ein person i 2.etg. i Øyastugu som er med på å halde augo med plassen når det er arrangement, og verkar som ein vaktmeister. Dette er eit godt sikringstiltak.

Det nye magasinet i Ullinsvin held jamn temperatur og luftfuktigkeit, her er alt av arkiv (for Vågå, Lom og Sel) og gjenstandar for både avd. Vågå, Fjellsenteret og Presthaugen samla.

Samlingsforvaltning. Gjenstandssamlingane i Vågå

KVA ER GJORT I 2023?

- Det meste av gjenstandar i Jutulheimen er nå registrerte.
- Ale gjenstandar som kjem inn, blir fort registrerte
- Klimakontroll kvar månad
- Smådyrfellene blir ofte gjennomgått og skifta.
- Gjenstandar frå både Jutulheimen, Fjellsenteret og Presthaugen er plassert i magasinet i Ullinsvin.

OPPLEVINGSSENTER

Stavkyrkjeutstillinga Ringebu

Skuleformidling

Avdelinga har i samarbeid med Stiftelsen Ringebu Prestegard lagt til rette for skule- og kunnskapsformidling. I 2023 har målsettinga vore å vedlikehalde utstillinga og gjenoppta skuleformidlinga etter to år med pandemi og ned stenging.

Samlingar

GM si avdeling Stavkirkeutstillingen har gjenstandar innlånt frå Lillehammer Museum Maihaugen, KHM og frå private. Utstillinga fortel om bruken av kyrkja gjennom tekst, bilete og gjenstandar. Her er og ei avdeling som fortel meir om stavkyrkja i Ringebu og ei oversikt over alle stavkyrkjene i Noreg. Klimatilhøva ved avdelinga er gode. Det har ikkje vore tilvekst ved avdelinga og ingen nyregistrering.

Utviklingsplanar

Gudbrandsdalsmusea AS tok hausten 2023 initiativ til oppgradering av utstillinga saman med Ringebu Prestegard. Dette arbeidet fortsett i 2024. Dette vil omfatte både revidering, digitalisering og omsetting av tekstane og ei meir moderne lyssetting

Sikringsarbeid

I alt har utstillinga 95 gjenstandar utstilt, og 85 av desse er innlånte, dei fleste frå kulturhistorisk museum og frå Stiftelsen Lillehammer museum, Maihaugen. Verdifulle kulturhistoriske gjenstandar, for ein stor del frå før reformasjonen gjer sikring ekstra viktig. Desse er klimaovervåka av KHM.

I samanheng med utviklingsplan vil ein sjå på sikringsplan og på tilhøva rundt brannsikring spesielt.

Krigsmynesamlinga på Kvam

Gudbrandsdalsmusea As si avdeling Gudbrandsdal Krigsmynesamling er ei utstilling av gjenstandar og bilete som formidlar krigen i Gudbrandsdalen og Kvam. I tillegg har samlinga ei eige utstilling som omhandlar det såkalla skottetoget i 1612.



Kjøretøyopptog april 2023

Aktivitet

I 2023 hadde samlinga mykje skuleformidling både frå grunnskulen og vidaregåande skule og det er gledeleg. Samlinga har hatt besøk frå enkelte skular i alle kommunar i midt-dalen og Sel.

Skuleformidling er eit viktig satsingsområde. Saman med stiftinga og næringsforeninga deltok avdelinga på marknadsdagen i april.

Avdelinga var med-arrangør for arrangementa i midt-Gudbrandsdalen på frigjeringsdagen 8. mai, og deltok på markeringane i Kvam og Sødorp.

Gruppebesøk frå inn- og utland med formidling av krigshistoria i dalen var det ein del av i 2023.

Totalt besøkte 579 personar samlinga i 2023.

Samlingane

Gudbrandsdal krigsmannesamling på Kvam er ei samling der krigshandlingane i aprildagane 1940 og okkupasjonsåra blir formidla gjennom gjenstandar og tekst. Samlinga inkluderer gjenstandar innlånt frå Forsvarsmuseet, Lillehammer Museum Maihaugen, og frå private. I alt er det 1001 gjenstandar i samlinga. I samlinga inngår også ei utstilling som formidlar hendingane i 1612 og det såkalla skottetoget. I 2023 har gjenstandane som vert erverva i 2020 vorte registrert og skal settast inn i utstillinga.

Samlingsarbeid

I samarbeid med stiftinga Gudbrandsdal krigsmannesamling forvaltar vi gjenstandar som er gjevne som gavé frå privatpersonar og institusjonar/firma, innlånt frå FM, Lillehammer museum - Maihaugen, innlånt/deponert frå privatpersonar.

I 2023 har samlinga hatt tilvekst av 7 gjenstandar, og avdelinga har ei restriktiv haldning når det gjeld mottak av gjenstandar då ein ikkje har tilstrekkeleg magasinkapasitet.

Registrering

Det har ikkje vore noko større registreringsarbeid ved avdeling i 2023 og etterslepet er minimalt.

Utviklingsplanar

Stiftinga Gudbrandsdal Krigsminnesamling har teke initiativ til å få meir utstillingsplass. Gudbrandsdalsmusea AS og stiftinga har arbeid vidara med prosjektet Skottelåven ned på Gudbrandsdal krigsminnesamling. Dette for å få meir utstillingsplass, ei eiga avdeling for 1612 – Skottetoget og frigjera plass til magasin inne i hovudbygningen.

Det er framleis eit ynskje om å få digitalisert utstillinga. Dette arbeidet vil bli prioritert i 2024. Etter ynskje frå stiftinga vil det no i 2024 bli etablert breiband inn på avdelinga. GM vil bidra med 50 % av årlege driftskostnadar

Gudbrandsdalsmusea AS er også ein samarbeidspartner i arbeidet med å gjera 8 mai ein meir heilhetleg arena for frigjerings- og veterandagen.

Sikringsarbeid

Samlinga har mange gjenstandar som er innlånt frå private, Forsvarsmuseet og Lillehammer Museum Maihaugen. Her av mange våpen. Det gjer at sikringstilhøve er viktige. Difor gjer GM ein gjennomgang av sikringsplan årleg.

Sikringstilhøva ved avdelinga er gode.

Bergverkssenteret på Otta

Otta bergverkssenter er samlokalisert med Sel bibliotek avdeling Otta. Med plansjar, foto og ei rekke gjenstandar viser vi driftshistoria innan kleberstein, skiferuttak og Sel koparverk, eit av landets eldste bergverk. Lokaliseringa er gunstig, da besøkjande til biblioteket har lett tilgang til området med utstillinga. I tillegg har Otta bergverkssenter eit gjenstandsmagasin i Sel rådhus, Otta. Magasinet er utstyrt med reolar og fotoutstyr og inneheld for det meste gjenstandar knytt til bergverk og industri. Magasinet er universelt utforma med tilgang via rampe og heis.

Gudbrandsdalsmusea si avdeling er sterkt inne i verneprogrammet for klebersteinsfabrikken på Sagflaten i Sel. Bygningsvernrådgjevaren er i tett samarbeid med ein god dognadsgjeng som har utført eit stort arbeid dei siste åra, og direktøren sit som styremedlem i Sagflaten SA.

Verneprosjektet har halde fram i 2023, og det er utført eit stort arbeid både ved innleid hjelp og dagnadsarbeid. Arbeid med finansiering går føre seg fortløpande, og økonomien er tilfredsstillande

Eit større forprosjekt for «Nasjonalt senter for naturstein» har pågått i 2023. Mykje informasjon er samla om viktige forutsetninger dersom aktørar vel å gå vidare i arbeidet for å med realisere dette store prosjektet.

Einbustugu på Dombås

Det vart i 2023 halde to omvisninger på Einbustugu. Tidleg på året var det ei gruppe på tre med m.a. eit styremedlem frå Norsk Astronomisk Selskap.

I september vart det arrangert ”Nordisk Komparasjon av magnetiske instrumenter” på Dombås med 16-17 deltakarar frå alle dei magnetiske observatoria i Norden (Island, Finland, Danmark, Sverige og Norge). Gruppa brukte ein ettermiddag på Einbustugu og fekk ei grundig orientering om Sigurd Einbu. Den magnetiske målestasjonen som vart starta av Sigurd Einbu på Dombås er i dag ein av berre tre stasjoner i Norge (dei andre er ved Universitetet i Tromsø og på Bjørnøya).

Gardsbutikken på Hundorp/ Tusenårstaden

«Sjå mot aust, der kjem vår gud med mykje lys».

Avdelingane på Dale-Gudbrand formidlar historia om Tusenårsstaden Dale-Gudbrands gard og gjev informasjon om Olavstradisjon. Avdelingane er samlokalisert med Pilegrimssenter Dale-Gudbrand og samarbeider tett mot senteret når det gjeld informasjon og mottak av pilegrimar.

Gardsbutikken har overnatting for pilegrimar.

GM forvaltar kulturminna gjennom planverk i samarbeid med Innlandet Fylkeskommune.



Offisiell opning av kunstverket Forflytning

Aktivitet

GM er sterkt involvert i Vikingdagar på Dale-Gudbrands gard. Vikingdagar er eit DKS opplegg og eit tilbod til alle 6 klasse i Sel, Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu kommunar. Vikingdagar gjennomførast kvart år i september. GM har vore med som ein medaktør sidan 2010.

I 2023 samla vikingdagane vel 250 born frå Gudbrandsdalen.

Avdelingsleiar ved avdelinga har halde fleire foredrag for grupper i 2023 både i eigen regi og på oppdrag frå Dale-Gudbrands gard kurs og konferansesenter.

I 2023 bidrog avdelinga i planlegging og gjennomføring av kunstverket Forflytning.

Formidling

Skuleformidling er ein viktig arena for museet, og i 2023 var fleire trinn i grunnskulen i Sør-Fron innom Tusenårsstaden for skuleformidling der tema var gardens historie og Olav den heilage

Avdelinga forvaltar formidlingarenaen Tusenårsstien og HIDDEN. Tusenårsstien er ein etablert rundløype med 9 informasjonsskilt som formidlar gardens over tusen år lange historie.

Tusenårsstien er godt besøkt gjennom vår, sommar og haust. Hidden er ein digital formidling og app basert. Publikum kan gå virtuelt og få innblikk i vikingens kvar dag sett gjennom ei ung vikingjente sine augo.

Pilegrimssenter Dale-Gudbrand

«Velkommen som pilegrim på vandringsleden eller som vandrer på pilegrimsleden»



Pilegrimer

Pilegrimssenter Dale-Gudbrand gir informasjon og veiledning til vandraren på pilegrimsleden – Gudbrandsdalsleden og er samlokalisert med Gudbrandsdalsmusea sine avdelinga på Dale - Gudbrands gard.

I tillegg har senteret ansvar for oppfølging av leden som infrastruktur, formidlingsarena og næringsveg frå og med Lillehammer til og med Sel kommune, totalt 175 km.

Pilegrimssenter Dale-Gudbrand leverer eige rapport. Denne er vedlagt.

Folkemusikkarkiva

Folkemusikkarkivet for Midt- og Sør-Gudbrandsdal

Tom W. Rustad er arkivleiar for Folkemusikkarkivet og Midtdalsarkivet på Ringebu. Gudbrandsdalsmusea og Ole Bull Akademiet på Voss har ein samarbeidsavtale der Rustad er fyrsteamanuensis og lærar for bachelor- og masterstudentane. Det er ein fin symbiotisk modell der arkivkunne og tradisjonsmusikk blir formidla til nye generasjonar av unge folkemusikkstudentar. Rustad er vegleiar for to masterstudentar i folkemusikk. Ein på Ole Bull Akademiet og den andre på Norges Musikkhøgskole.



Instrumentmakar Lars Tørressen og arkivar Tom W. Rustad

Formidling

Folkemusikkarkivet har fått mykje merksemd i media knytta til forskningsprosjekt og presentasjon av gudbrandsdalstradisjonen på eldre folkemusikkinstrument. Dette vart presentert i fire radioprogram i NRK P2 i høve at Rustad vann kongepokal under Landskappleiken med systeren, og vart nr. 2 i munnharpeklassa. Sisterprosjektet hadde over 31500 treff på sosiale medier. Rustad har også hatt samarbeid med å presentere eit nytt instrument kalla «hardangerlutt». Det er eit samarbeidsprosjekt mellom instrumentmakar Lars Tørresen og Hardingfeleverkstaden på Voss. Lutt-opptaka på sosiale medier hadde over 19.400 visningar. Det er gjort innspeling med hardangerlutta som kjem ut på Spotify 26. januar 2024.

Det har vore konserter gjennom Gudbrandsdal Musikkfest i Presthaugen i Lom, og Hjerleid på Dovre, og solokonserter på hardangerlutt og torader under Osafestivalen på Voss.

Munnharpetradisjonen i Gudbrandsdal vart presentert på heimesida til norskmunnharpe.no, og under *Munnharpeforum* sitt 25-årsjubileum på Riksscena. Både i form av konserter og kursvirksamheit for born og unge.



Opning av Redvaldstugu, etter Redvald Fjellhammer (1916-1990). Sør-Fron Spelmannslag var initiativtakar.

Innsamling, dokumentasjon og publisering

Det er publisert fleire historiske opptak av folkemusikkutøvarar på Digitalt Museum. Blant anna vokalsamlinga *Till, till toje*, som finst både som notebok og lydfilar. Dette er eit pedagogisk prosjekt retta mot born i førskule og barneskule. Arkivet har fått ein flott samling med nye og eldre bileter av folkemusikkutøvarar som snart er klar for publisering. Folkemusikkarkivet er veldig stolte av å få vera med på arbeidet med å restaurere heimen *Redvaldstugu* etter spelemannen Redvald Fjellhammer (1916-1990) frå Sør-Fron. I det høvet er det gjort eit innsamlingsarbeid knytta til personar som kjende Fjellhammer. Folkemusikkarkivet var også medvirkande i 50-års jubileet til Toradertrioen frå Hallingdal på Rudi Gard, og under folkemusikkmess i Sør-Fron kyrkje. Det er også gjort eit lengre intervju og speleopptak med Thorleif Stave som starta gruppa i si tid. Spelt inn CD'en «Til Dans» med gruppa Kvarts, der hovuddelen av repertoaret er runddansmusikk frå Gudbrandsdalen.

Forsking, vitenskapeleg arbeid og publikasjonar

Amalie K. Tvilde var i 2023 den fyrste som tok bacheloreksamen i torader ved Norges Musikkhøgskole. Folkemusikkarkivar Rustad var vugleiar for henne fram mot eksamen. Folkemusikkarkivet publiserte to artiklar i FolkOrg sitt 100-års jubileumsskrift «Songen, dansen, spelet». Ein artikkel om folkemusikkutdanninga i Noreg, og ein om slåttespel på durspel. Det er også publisert to notebøkar for torader, «Gatelangs med ril og reinlender» og «Melodiar av Bjørnar Haugen». Rustad er vugleiar for masterstudent ved Ole Bull Akademiet.



Nygaardsfestivalen med jubileumskonserten til Toradertrioen, og «Meistermøte» på Presthaugen i Lom

Folkemusikkarkivet for Nord-Gudbrandsdalen

Arkivet er ope kvar tysdag, her kan ein høyre på musikk, bla i noter, lese bøker, sjå på biletar eller berre koma innom og få kaffe og ein prat. Vi er heldige som har fleire friviljuge som både digitaliserer lyd og som sit med gamle biletar. Dette er til stor hjelp, da ressursane er knappe.



Kjell Løkken kom til arkivet med ei stor mengde foto.

Gjennom prosjektet til Opplandsarkivet er nå alle noter skannet og lette å finne fram i, dette er av stor interesse for bygdafolk. Vi har fått inn fleire samlingar med foto, desse vil bli publisert på Digitalt museum etter kvart.

Vi sendte i 2022 heile samlinga etter Vågåradioen/Ottadalsradioen til Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana til digitalisering. Noko av dette materialet har nå kome att, og vi gler oss til å gjera dette søkbart på nett. Her er det mange godbitar.

Formidling frå folkemusikkarkiva

I sommar arrangerte arkivet musikk på tunet i Ullinsvin kvar torsdag, noko både lokalbefolking og turistar sette stor pris på. Formidling av arkivmateriale har vorte gjort på mindre møte og arrangement gjennom året. Formidlinga av arkiva skjer også gjennom Snapchat og facebook der vi har mange fylgjarar, dette har det vore mykje aktivitet rundt.

Opplandsarkivet – privatarkiv

Ringebu

«Midtdalsarkivet, ein samlingsstad for dei lokale historielaga»

Arkivet ligg i Innovasjonssenteret i Ringebu over biblioteket, og er ope for publikum kvar onsdag eller etter avtale. Tom W. Rustad er arkivleiar og Ola B. Klashaugen er arkivassistent og registrator. Klashaugen har gjort eit større arbeid for Ringebu Kommune i å registrere kulturminner kring Ringebu sentrum.



Arkivar Ola B. Klashaugen og Sigurd Krekke. Gudbrandsdalspodden, ny formidlingsplatform frå Gudbrandsdalsmuseet.

Formidling

Nytt av året for Midtdalsarkivet har vore å lage podcast, Gudbrandsdalspodden. Det er hittil produsert tre program knytta til ulike utstillingar og museumsaktivitetar. På Lesja

Bygdemuseum var det «Kunst og handverk i familien Sveen» og «Husflidsaktivitetar på Lesja Bygdetun». I Ullinsvin i Vågå tek Kirsten Visdal oss med på museumsvandring i utstillinga «Dugurd».

Vi har hatt mykje kontakt med dei lokale historielaga, både når det gjeld innsamling og kveldsetoarrangement. Knivmakarkveld med Magne Rugsveen og Ole Odlo er døme på eit slikt samarbeid. Tilsaman nådde disse prosjekta nesten 17.000 personar på sosiale medier.



Kirsten Visdal og Ellen Syse kan du høre i Gudbrandsdalspodden.

Målretta innsamlingsarbeid

Det har vore eit tett samarbeid med Ringebu Kommune i høve dokumentasjon av OL-historia, og utviklinga av Kvifjell fram mot 1994. Det har vore viktig å dokumentere korleis Ringebu kommune klarte å utvikle Kvifjellprosjektet til eit berekraftig anlegg, som fungerer i beste velgåande 30 år etter. Per Morset, Erik Winther og Kyrre Dahl er nokre av dei som er intervjua. Det er også gjort intervju av Klaus Fjeld om ysterihistoria i Ringebu og Sør-Fron, Håkon Sveen om «Per Gynt på døl», folkrockgruppa *Baksia* om den musikalske arven etter Trond Halle og Karin Myhren om butikkbestyrar O. Myhren på Harpefoss Hotell.



Erik Winther og Per Morset fortel om bygging av OL-anlegget på Kvifjell



Håkon Sveen fortel om arbeidet med å tilrettelegge Ibsens Per Gynt på dølamål.

Dombås

Arkivet har i 2023 hatt vanlege opningstider på onsdagar gjennom året og er elles tilgjengeleg etter avtale. Besøkstalet har gått litt ned i høve til 2022, men det heng truleg saman med uregelmessige opningstider frå september og ut året (grunna sjukdom i familien). Lokalsamlinga er saman med biblioteket, og ein god del personar er innom og bruker biletmateriale i lokalsamling i biblioteket si opningstid. Desse besøka blir ikkje registrert hjå arkivet.

Året har vore prega av arbeid med ordning og registrering av foto og arkiv. I løpet av året er det kome inn og vorte registrert 21 nye arkiv og det er kome tillegg til 3 eldre arkiv. Ei overvekt av arkiva som kom inn i 2023 er frå Lesja og Lesjaskog. Ein kan her spesielt nemne arkiv frå ungdomslaget Verdandi på Lesja med handskrevne avisar og protokollar attende til 1890-talet (men nokre protokollar frå tidleg på 1900-talet manglar).

Fyrst på året vart resten fotoarkiv etter Mathis Kværne (som kom inn i 2022) gjennomgått, skanna og grovregistrert med ca. Litt over 8000 biletar frå dette vart skanna i januar og februar, dei fleste med låg oppløsning, men for å gjøre det mogleg å søke og å finne fram i materialet. Materialet blir no fyrst på 2024 overført til Primus. I tillegg er det kome inn ein god del eldre album til arkivet, og nær 1500 biletar frå desse er òg skanna.

Frå Fokstugu fekk arkivet låne 8 gjeste-/skyss-protokoller frå som vart digitalisert og blir gjort tilgjengeleg på arkivportalen.

I oktober hadde arkivleiaren permisjon og arbeidde saman med Dovre historielag for å gjøre ferdig bokprosjektet "Nytta av vatn i Dovre", kor det er registrert kjente (og ukjente) kvenner, sager, vassvegar m.m. rundt i bygda.

Elles har arkivet bidrege med biletar til årsskriftet til Dovre historielag (Dovrebygde) og til ein god del artiklar i lokalavisa Vigga.

Vågå



Friviljuge i Vågå.

Arkivet i Vågå har fått ein stor oppsing når det gjeld innsamling av spesielt foto. Dette året er det skanna over 20.000 foto, dei fleste frå innlånte fotoalbum. Det er vore over 1000 friviljugtimar delt på 4 faste hjelparar. Dette er viktig arbeid, og noko som ikkje hadde vore mogleg utan dyktige og sjølvgåande friviljug-gjeng. I år er det også utlagt ca. 5000 foto på Digitalt museum, noko som er heilt suverent. Fleire og fleire vil få bileta sine skanna og fleire vil væra med i det trivelege miljøet vi har i kjellaren i Ullinsvin. Her er det liv heile veka gjennom.

Mange arkiv blir levert inn, desse blir registrert etter hand.

FORMIDLING

I sommar vart det laga fleire «reels» på facebook og instagram, både frå slåttekurs, veling av gamle gjenstandar, bakst m.m. Det mest sette er filmen om steiking av avletter, denne er sett over 120.000 gongar.

Det er god formidling å legge ut foto på Digitalt museum, det er stor etterspørsel og det engasjerer folk frå heile verda.

Arkiva som kjem inn blir registrerte og lagt ut på arkivportalen. Her finn ein oversikt over alle arkiva i samlinga vår. Arkivlister blir lagt ut på facebook og der folk med interesse for det kan sjå.

Arkivet er ope kvar tysdag, men no etter at det er meir aktivitet ser vi at folk stikk innom heile veka.

Skjåk

Innsamling og forvaltning

Arbeidet i 2023 har i stor grad gått på det som stod i årsplanen for arkivavdelinga: Ajourføring av avtaler, finordning av arkiv, og innsamling og registrering av biletmaterial. Vi har relativt sett ei god og spesifisert oversikt over foto, film- og lydmaterialet i Excel. Ved ein gjennomgang viser det seg at talmaterialet også dette året måtte justerast. Det er berre små justeringar som gjeld mindre feil under oppteljinga tidlegare.

Fem nye arkiv og 551 nye bilete er registrerte siste året. Det har vore gjort eit godt arbeid med å tilføre samlinga ny informasjon. Vi veit at det finst mange interessante bilete rundt om i bygda, men det må arbeidast aktivt for å få tak i desse. Biletsamlinga er totalt på ca 34000 foto. Dette talet er i samsvar med måten arkivstatistikken blir gjort på. Totalt ligg det ute 10316 foto på Digitalt museum. I 2023 vart det lagt ut 2000 bilete. Dette arbeidet fører til stadig større etterspørsel etter bilete frå institusjonar og private. Eit vesentleg moment for oss er dei korrigeringane og tilleggssinformasjonen som kjem inn frå dei som ser på bilete på nettet. Dei klimatiske tilhøva er relativt stabile og akseptable i høve til det materialet vi har. Samarbeidet med kommunen vedkomande reinhald og sikring er i orden.

Formidling

Samarbeidet med i Skjåk kommune, Skjåkheimen, Skjåk folkebibliotek og lag og organisasjonar heldt fram utan store endringar. Dette gjeld både ved arrangement og hjelp med registreringsarbeid, innsamling av materiale, og ved bruk av sams utsyr og lokalar. Lokalavisa Fjuken er også ein god samarbeidspartner. Skjåkkalenderen og Kvelds-seto som kjem ut kvart år er også ein god formidlar av bilete og arkivmateriale.

Arrangement / Prosjekt

Dette året var det også besøk i skulesamlinga i Øygard skule av to lærarar og 20 elevar frå femte klasse frå Skjåk barne- og ungdomsskule. Det vart eit fint arrangement med interesserte og ivrige elevar som gjerne ville vite korleis det var å gå på skulen på 1950-talet.

Som eit typisk samarbeidsprosjekt bør det nemnast ei utstilling av dåpskjolar med utstyr. Dette var eit samarbeid mellom Skjåk kyrkjelege fellesråd, Skjåk Husflidslag, Skjåk Bygde-Kvinnelag, Skjåk Historielag og arkivavdelinga i Skjåk.

Digitaliserte filmar etter sokneprest Knut Hol frå 1950-talet vart vist på folkebiblioteket. Det møtte 85 personar i skikkeleg kaldt vær. Det vil bli fleire framsyningar i året som kjem.

Som i alle andre år var det og folk som kom langvegsfrå for å finne att røter og meir eller mindre forsvunne stadar der dei hadde sitt opphav.



Fel-Jakupstugu fekk og besøk i samband med utegudsteneste ved Bångråttjønn og under Landskappleiken i Lom. Inventaret i stugu er no fullført med peisstong, madrasse og åkle i senga og små gamle pyntegenstandar som gjer det koseleg å koma inn.



Bygningsrådgjevar

Bygningsvern

Tilbodet om kostnadsfri synfaring og tilstandsvurdering held fram som før, det er eit godt tilbod særleg for dei som ikkje har erfaring frå våling av gamle hus frå før. Det har vore jamn etterspørsel med god spredning geografisk. God kontakt med landbrukskontor og byggesaksteneste i kommunane. Nokon viser til tenesta vår i alle tilfelle, for eksempel søknad om SMIL-midlar, sakshandsamar får ei nøytral vurdering av objektet og eigar får nyttige råd på vegen.

Vi hadde ope gardsbesøk i samarbeid med eigarar på Solbrå og øvre Aaseng. Dette var trivelege og nyttige kveldar i saers fine rammer. Omvisning og kaffe. Mykje kulturhistorie, kunnskapsrike eigarar og ivrige gjester. Tradisjonsrike bygningar som blir brukt og tilpassa ny tid og nye driftsmåtar.

Kunnskap og utveksling

Nordre Haverstad blir brukt som praksisarena for studentar og andre i bransja. Kulturarv, Innlandet fylkeskommune styrer mykje av aktiviteten. Det har vore både student-samlingar, bachelorstudie i Tradisjonshandverk og nettverksarbeid og seminar. Utveksling mellom smed og tømrer har vore nyttig, særleg med mellomalderloftet som står her som ei fysisk kjelde og utprøving av teknikkar og verktøy. I samband med studiet har det også vore samlingar i Trondheim og på NTNU Gjøvik.

Arbeid

På Sagflaten starta vi litt tidlegare med dugnad, vi fekk ei god arbeidsperiode før sommarferie. Uvær på slutten av sommaren forseinka oss litt i arbeid med kassehuset. Vi fekk tetta veggar og tak og laga nye dører. Restaurering av vindauge samt innvendig arbeid står att til 2024. Rapportering til

Kulturminnefondet viste over 1600 frivillig-timar på dette bygget! Dette var over tre sesongar, men likevel – det er ein formidabel innsats!

Vi har også i 2023 hatt ein del arbeidstimar på Stueflossen hotell. Dette er eit privat prosjekt med støtte frå ulike tilskotsordningar. Bygningen blir vurdert for fredning av Riksantikvaren. Vår rolle er å vere støtte for eigar både mot tilskotsytarar og handverkarar. Vi gjer også praktisk restaureringsarbeid.



Flittibue er eit anna kulturhistorisk bygg i privat eige vi har delteke i restaurering av i 2023. I tett dialog med eigar og i samarbeid med sjølvstendig handverkar vart dette ei god og effektiv løysing.

Datering av bygningar og prøvetaking.

Vi har teke prøver av 4 ulike bygningar i 2023, men ventar framleis på svar på analyser.

Prosjekt Villreinarven «Verdiskaping gjennom kunnskap»

Villreinarven skal jobbe for å skape varig verdiskaping i bygdene i Nord Gudbrandsdalen, men aktører andre steder i regionen er også velkomne å delta. Prosjektet skal omhandle både villrein og tamrein. Villreinarven skal styrke bedrifter som vil utvikle opplevelser og produkter knyttet til arven regionen forvalter. Norge har en villreinstamme som kom til landet fra Europa sammen med at isen smeltet i Norden etter siste istid.

Gudbrandsdalsmusea fikk en nytt prosjekt under ordninga Villreinfjellet som verdiskaper for 2022 – 2024 med årlige bevilginger. Eier har hatt en styringsgruppe av samarbeidspartnere og har leid inn Nordveggen AS til å være prosjektleder.

I 2023 er det lagt vekt på å ferdigstille kursrekken med informasjon om villreinen for reiselivsaktører i alle kommunene i Nord Gudbrandsdalen. Høsten 2023 inviterte prosjektet til innspillmøte med en gruppe bredt sammensatt frå reiselivet. De ønsket seg konkret materiell om rein som de kunne bruke i sin bedrift. Det er derfor inngått samarbeid med fotograf om produksjon av en stolthets-film om rein. Samtidig er det startet opp et arbeid med utarbeidelse av informasjonstavler for reiselivet. Disse tiltakene er det blant annet at det søkes om midler for i 2024.

Villreinarven har også tatt et ansvar med å danne et nettverk sammen med andre aktører i regionen som jobber innen samme tema, for å oppnå synergieffekter.

ORGANISASJONEN



Gudbrandsdalsmusea AS
(GM) er regionmuseum for
Gudbrandsdalen med
avdelingar og besøkssenter
frå Ringebu i sør, til Lesja og
Skjåk i nord.

Styret

Det har vore 4 (5) styremøte i 2023 og styret har handsama 32 (42) saker.
Generalforsamling vart halde onsdag 24. mai i Ringebu Prestegard, og alle aksjonerane var representert.

Styret i 2023:

Cecilie Asp	styreleiar
Trond Ole Haug	nestleiar, repr for institusjonseigarar
Birgitte Bay	for Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu
Endre Skjåk	for Skjåk, Lom og Vågå
Einar Utgard	for institusjonseigarar
Bjørn Lonbakken	for Lesja, Dovre og Sel
Thea Grobstok Dalen	for dei tilsette fram til mars
Kristin Akslen Hagen	for dei tilsette etter mars

Nettverk og samarbeid

Gudbrandsdalsmusea har eit godt samarbeid med eigalar og historielag i kommunane vi held til. I samband med vårt arbeid med naturhistorie har vi god kontakt med SNO, Fjellstyret, Villreinsenteret, Nasjonalparkforvaltarar og annan kompetanse innan natur- og kulturarv.

Gudbrandsdalsmusea deltek i følgjande nettverk:

- Museumsforum Innlandet
- Bergverksnett
- Opplandsarkivet
- Nettverk for folkemusikkarkiv
- Krigshistoriske museum
- ICOM
- Det nasjonale pilegrimsforumet
- Green pilgrimage
- Organisasjonen «St Olav ways» – Europeiske kulturveier.
- «ACSOW – Association for the cultural route of St Olav ways»
- «Pilegrimsfellesskapet St Olav».
- Visit Lillehammer
- Nasjonalparkriket Reiseliv
- Midt-Gudbrandsdal Næringsforening.
- Nettverk for bygningsvernrådgjevarar i Oppland
- Bygningsvernnettverk for tradisjonshandverk og bygningsvern
- Virke sitt nettverk for museumsdirektørar
- Fylkesarkivet
- Nasjonalbiblioteket
- Lokale historielag
- Arkeologisk forum i Lesja og Dovre
- Dovre og Lesja krigsminnesamling
- Medlem i Kvam historiske
- Veneforeiningar
- Kommunar, lag og foreiningar
- Kulturhistorisk museum i Oslo
- Stiftelsen Ringebu prestegard
- Ringebu Rotary
- Nasjonalt kulturlandskapsnettverk
- SNO
- Fjellstyret
- Villreinsenteret,

- Nasjonalparkforvaltarar
- Kompetanse innan natur- og kulturarv
- Gudbrandsdalsmat AS
- Organisasjonen Norsk kulturarv
- Senter for bygdekultur og handverksskulen ved Hjerleid
- Gudbrandsdal historielag

Personal

Gudbrandsdalsmusea har hatt 13 fast tilsette i 2023. Museet har ei målsetting om størst mogleg andel heile og faste stillinger. Stillingsstørrelse varierer likevel fra 10 til 100%. I løpet av året har tre tilsette gått av for alderspensjon, og to tilsette i deltid har sluttat. Avgangane er erstatta, med noko stillingsauke på faste, ein ny tilsett, og to stipendiater har vore innom. Vi håper å finne økonomisk rom for at fleire funksjonar blir erstatta i 2023. Bevilgninger til museet held ikkje følgje med pris- og lønnsvekst, og det gjer det utfordrande å erstatte avgang fullt ut. Fleire ulike fagmiljø og ressurspersonar er leigd inn på engasjement til ulike prosjekt gjennom året. Det same gjeld oppgåver innan drift- og vedlikehald.

Tilsette i 2023

Stein Grjotheim	20 %	Opplandsarkivet, Skjåk
Kristin Akslen Hagen	100%	Jutulheimen og arkivet i Vågå
Eirik Haugen	60%	Jutulheimen og registrering av gjenstandar, Vågå
Ellen S Syse	60 %	Lesja Bygdatun til 1. oktober
Inger Synnøve Killi	15%	Lesja Bygdetun
Håvard Syse	100 %	Bygningsvernrådgjevar, Lesja
Ola Tovmo	50 %	Opplandsarkivet, Dombås
Søren Hald	100 %	Samlingsansvarleg, Lom (til 1. juli)
Tom Willy Rustad	100%	Midtdalsarkivet / folkemusikkarkivet, Ringebu
Ola Bismo Klashaugen	60 %	Arkivmedarbeidar frå august
Nils Teigen	20%	Lom Bygdatun, Presthaugen
Per Gunnar Hagelien	100%	Pilegrimssenteret, Gudbrandsdal Krigsmenesamling, Ringebu Stavkyrkjeutstilling, Tusenårstad, Gardsbutikk
Kirsten Visdal	50 %	Utstillingsansvarleg
Øystein Rudi	90%	Direktør, Hundorp
Prosjekt		
Ola Klashaugen	60%	Prosjekt til juli
Victoria Noor	100%	Stipendiat, tekstil

Knut Aastad Bråten	Innleigd Lesja
Sigurd Rønningen	Innleigd kommunikasjon
Livia Sauter	Innleigd gjennom sommarsesongen
Nordveggen v/Solveig Brøste Sletta	Prosjektleiar «Villreinarven»
Norsk Turistutvikling v/ Kjell O Solbakken	Forprosjektet «Nasjonalt senter for naturstein»

HMS

Gudbrandsdalsmusea er medlem i arbeidsgjevarorganisasjonen Virke og har hovudovereinskomst gjennom dei. Personalhandboka regulerer det daglege for personalet. Museet er medlem i Gudbrandsdal Bedriftshelsetjeneste/Frisk. Vi har i 2023 hatt ein person inne i praksisplass gjennom NAV i ein periode av året. Museet har verneombod. Arbeidsmiljø og vurdering av tiltak drøftast ved behov. Årlege personalsamtaler vert gjennomført med alle fast tilsette. Museet er medlem i KLP pensjon og har personalforsikringa der.

Dei tilsette samles både til gjennomgåande personalsamlinger, samt samlinger i ulike faggrupper etter behov.

Likestilling, inkludering og mangfold

Kjønnsbalanse både i styre og mellom dei tilsette er tilfredsstillande. I styret er det 3 kvinner og 4 menn, og mellom dei tilsette og engasjerte er det 12 menn og 6 kvinner. Aldersmessig er det også eit fint spenn i laget.

Universell utforming

Gudbrandsdalsmusea har handlingsplan for tilrettelegging ved behov, og der det er mogleg.

Bygdatuna representerer utfordringar når det gjeld tilgjengeleight, og dette tek vi omsyn til så godt det let seg gjera. Tilgjengeleight for publikum i bygdatuna er følgd opp med praktiske tiltak i 2023, der utbetring av hovudstien gjennom Presthaugen, fjerning av stuppar og røt, planering, oppgrusing og lyssetting er det største enkelttiltaket.

Sluttord

Gudbrandsdalsmusea har i underkant av 10 årsverk, delt på 14 fast tilsette og nokre engasjement. Oppgavene er mange og varierte, og vi freistar til kvar tid å ta tak i dei oppgaver som vi meiner er mest fornuftige og gjev mest attende til lokalsamfunna i Gudbrandsdalen.

Helsing frå dei tilsette i Gudbrandsdalsmusea.